



**Karriere og fritid
på Sunnmøre**



Neonatal intensiv seksjon ligg langt framme og har oppnådd særse gode resultat.

To sjukehus, 130.000 innbyggjarar – og deg

Helse Sunnmøre dekkjer primært etterspurnaden etter spesialisthelsetenester for dei om lag 130.000 innbyggjarane i 17 kommunar. Føretaket disponerer ressursar på om lag 2,3 milliardar kroner og har om lag 2.200 årsverk delt på 2.600 tilsette.

Verksemnda er delt mellom Ålesund sjukehus, Volda sjukehus og fleire mindre institusjonar. Helseføretaket har mange avdelingar, og yter tenester både innan psykiatri og somatikk. Dette gjev stor valfridom når det gjeld stillingar og storleiken på arbeidsplassen.

Helseføretaket arbeider etter LEON-prinsippet, dvs. at pasienten skal handsamast på lågast mogleg omsorgsnivå. Resultata er gode både for pasientane, for dei tilsette og for ressursbruken hjå helseføretaket.

Helse Sunnmøre legg stor vekt på den einskilde medarbeidaren sin rolle, same kva for funksjon vedkomande har.

Du kjem til å trivast hjå oss.



Fjorlar, fjell og øyar gjer helikopteret heilt naudsynt på Sunnmøre. I tillegg til flygarane er ein lege, ein sjukepleiar og ein redningsmann alltid med på utrykking.

Ein stad å gjere karriere

Helse Sunnmøre har medarbeidarar med høg kompetanse og stort engasjement. Mange profesjonar arbeider saman for å yte helsetenester med høg kvalitet og høg fagleg standard. Kvar pasient skal ha den best moglege behandlinga.

Du møter eit fagmiljø med satsing på forskning og fagutvikling

Helse Sunnmøre satsar på forskning og fagutvikling. Dette er ein føresetnad for å vidareutvikle eit sjukehus-tilbod med høg kvalitet og som set pasienten i sentrum.

Forskningsbasert kunnskap og fagutvikling skal heve kompetansen i heile organisasjonen. Det er avgjerande for ei spesialisthelseteneste med vekt på kvalitet at fagfolk får utvikle seg vidare på sine områder.



Jugendbyen Ålesund er hovudstaden på Sunnmøre. Her er mange kulturtilbod og det er lett å trivast.

Den fantastiske Norangsdalen er ein god representant for naturen og dei flotte tuområda på Sunnmøre.

Kultur og natur du vert glad i

Helse Sunnmøre har gode arbeidsplassar og gode tilhøve mellom tilsette på alle nivå.

Det er god tilgang på bustadar i alle storleiker. Familiebustadar og barnehageplassar er ikkje noko problem, og regionen vår har framifrå oppvekstvilkår for born og unge.

Regionen Sunnmøre er verdskjent for flott natur – og gode naturopplevingar for dei som vil bruke han. Det er ikkje så mange plassar der du kan stikke til fjells eller til sjøs etter ein lang dag på jobben.

Og sist men ikkje minst: Gode kollegaer vil hjelpe deg til rette i arbeid og fritid, og sjå til at du og familien din finn dykk til rette.



Her kan du lese meir om Sunnmøre:

- www.visitalesund.com
- www.turistforeningen.no/alesund
- www.alesund.kommune.no
- www.volda.kommune.no



Ålesund Sjukehus



Volda Sjukehus



Helse Sunnmøre HF har ansvaret for den offentlege spesialist-helsetenesta på Sunnmøre.

Hovudoppgåvene til Helse Sunnmøre er pasientbehandling, utdanning av helsepersonell, forskning og opplæring av pasientar og pårørande.

Vår visjon er å vere "På lag med deg for helsa di."

Dei grunnleggjande verdiane for Helse Sunnmøre er:

- tryggleik
- respekt
- kvalitet